

Soknepresten i Øygarden



Påskedag 2012.

Mine kjære kyrkjelydar!

Nåde vere med dykk og Fred frå Gud vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Til årsmøtet i år har eg noko viktig å seia dykk alle, anten de er "vanlege" kyrkjegjengarar, eller kolleger i kyrkjelege råd og i kyrkjestab.

Vi lever i ei tid med liten sans for etablerte trussanningar, og der mykje, óg i kyrkja, kan synest å vera i full oppløysing. Det er óg mange endringar på gong,-både i innhald og organisasjon-som eg trur ikkje er bra, i den kyrkja vi er døypte inn i, har gjort vår teneste i som kristne, og ikkje minst er glade i.

Visst kan endringar vere naudsynnte for at Evangeliet skal nå "djupare inn og lenger ut"(Sverre D.Husebye), men,

Skal vi vita kor vi skal, må vi óg vita kor vi kjem frå!

Eg er takksam for å få vera sokneprest i Øygarden Prestegjeld, der mykje kyrkje-og kristenfolk er medvitne om våre kristne og kyrkjelege røter og vil stå vakt om dei. Men så gjeld det óg at dette vert situasjonen i framtida.

Her vil eg visa til Den Heilage Apostelen:

"Eg veit kven eg trur på."(2.Tim.1,12)

Vi vert bare frelste av nåde, ved trua på Jesus Kristus, ikkje av system og teori. Likevel er det alltid trong for fornya oversyn og kunnskap-over, og om kva som er kristen tru og kristent liv. Slik at vi kan

"Ta vare på den.. gode skatten som er tiltrudd oss, ved Den Heilage Ande som bur i oss!"(2.Tim.2,14)

Vi har alt fleire gode framstillingar av vår kristne tru eg vil visa til for lengre og djupare studium, sjå slutten av denne helsinga. Men her er ei samanstilling av viktige deler av vår kristne tru i ein original *traktatform* inspirert av stoff eg fann i England sist haust og no har oversett til norsk og luthersk trussamheng med overskrift ***Kva er den kristne trua.*** Eg vil seinare kome attende med ei konkretisering der eg vil forsøke å peike ut vegen for våre to kyrkjelydar i framtida.

Dykkar Tenar i Jesus Kristus
Svenn/s/

Soknepresten i Øygarden



Kva er den kristne trua¹?

Om Gud

Det er gode grunnar for å tru på Gud. Tru er ikkje overtru eller eit irrasjonelt sprang. Nei, universet sin eksistens peikar på ein kreativ kraft som fekk det fram, og held det oppe. Det er ymse vitskapar si oppgåve å utforske tilværet, men det vakre skaparverket rundt oss med alle sine samanhengar, kan ikkje ha oppstått bare ved eit tilfelle.

Det er ingen fundamental konflikt mellom vitskap og kristen tru og teologi. Vitskapen stiller spørsmål som dette:

- *Korleis* fungerer ting i verda?

Men teologien stiller spørsmål som desse:

- *Kvifor* vart verda skapt?
- *Kva* er meininga med livet og min plass i verda?

Om mennesket

Mange dyr er både dugande og oppfinnsame. Men vi menneske har ein spesiell plass i skaparverket. Guds Lov står skriva i hjarto våre, seier Guds Ord (Rom.2,15), og det tyder at mennesket er skapt med moral, samvit og verd. Vi ser i skapingsberetninga at mennesket, mann og kvinne, er toppen av det Gud skapte. (1.Mos.1&2)

Men synda og døden er kome inn i tilværet, noko som ofte fører til at menneskelivet er svakt og prega av lidning og naud. Vi ser alle det onde i verda og i våre eigne hjarto. Difor er det bra med ordningar som kan setje stengsel for alt som vil bryta ned.

Jesus

Men å kjenna Gud får vi ikkje til av oss sjølv. Heldigvis har Han ikkje overlata oss til oss sjølv og til å gå under. Han har openberra seg for oss. Han vendte seg først til eit lite folk i Midt-Austen, gjennom lova og profetane. Han lærte dei å venta på Frelsaren som var lova. Då tida var inne, for om lag to tusen år sidan, oppfylte han sine lovnader ved å senda sin eigen Son til verda for å bli fødd av jomfru Maria i Betlehem.

Jesus Kristus er Guds Son, den einaste som kan frelsa verda. Han er eit menneske som oss, men utan synd. Og Han er den allmechtige og evige Gud, uendeleg i kunnskap og kjærleik.

Frelse

Jesus omskapte folk sine liv ved forkynning om Guds Rike og å gjere under. Han strekte ut sine hender med Guds tilgjeving og lækjing. Og Jesus elska oss slik at Han gav seg sjølv i døden istaden for oss i lydnad mot Faderen. Han måtte oppleve djupet av menneskeleg lidning, ved å bli krossfest på Golgata. Hans død på krossen gjev frelsesgåva med tilgjeving og forsoning som Han har vunne for oss til alle som tar imot. Dette tyder at ikkje noko kan skilje oss frå Guds kjærleik i Kristus.

Påskemorgon oppreiste Faderen Jesus frå grava. Den oppstadne Jesus openberra seg så for sine vener, og

¹ Etter Traktaten "What is the Catholic Faith? A brief introduction"

CTS Essentials ISBN 978 1 86082 655 9 LF 54

Utgjeve av Catholic Truth Society, CTS, 40-46 Harleyford Road, London SE11 5AY.

www.cti-online.org.uk

Tel: 020 7640 0042 Fax: 020 7640 0046

© 2010 Incorporated Catholic Truth Society.

Overs. 2012 til norsk og ein luthersk trussamheng: SM

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: sokneprest@kyrkja.net

Soknepresten i Øygarden



overtydde dei om at Han verkeleg hadde stått opp fra dei døde. Og ved at Han seinare fór opp til Himmelen har Han synt oss målet for våre liv.

Men inntil vi får koma heim dit har Jesus sendt Heilaganden til sine vener, slik at vi kan tru på Han, ha del i Hans Guddommelege liv, og forkynna Hans Evangelium for andre. Slik kan vi sjå inn i mysteriet med Den Heilage Treeining: Innan Guds einskap er det *ein* fellesskap av *tre* Guddommelege personar - Faderen, Sonen og Den Heilage Ande-lik i majestet og herlegdom.

Kyrkja

Trua kan ikkje stå åleine. Jesus samla sine læresveinar og vener saman til ein ny familie kalla *Kyrkje* (av kyriaké, det som høyrer Herren til), grunnlagt på Kristi Ord og Verk, og augne-og øyrevitjefunksjonen som apostlane fekk om dette. Fellesskapen i Kyrkja vil vera eit teikn på at Herren held fram med å vera nærværande i verda, og ein stad kor menneska kan få, og ha del i det nye livet Jesus har vunne for oss.

Den fellesskapen som Jesus la grunnen til held i dag fram der kor Guds Ord vert forkynt rett, og sakramenta forvalta slik Jesus har bestemt at dei skal brukast. (Augustana 7) Hyrdingar og lærarar (Kyrkja sitt "embete") i kyrkja har eit særleg ansvar for at kyrkja vert "halde på sporet."

Jesus ga si Kyrkje eit mønster for kristenlivet, som er overlevert i Jesu og apostlane si undervisning i Guds Ord og Kyrkja sin tradisjon.

Dei Heilage Sakramenta

Vår kyrkjetradisjon uttrykkjer måten vi får del i Evangeliet på to måtar.

Vi har tre *nådemiddel*=måtar Gud gjev oss sin nåde, nemlig Guds Ord, dåpen og nattverden.

Vi har to, (ofte seier vi óg tre) *sakrament*, nemleg dåpen, nattverden (og skriftemålet).

Jesus ga Kyrkja Guds inspirerte Ord i Den Heilage Skrift, i Bibelen. I sakramenta er Guds Ord sin funksjon å vera saman med menneskelege element som vatn, brød og vin, og handspålegging, for at vi skal få Guds nåde og frelse.

Resultatet vert det same med både nådemidla, og sakramenta: Dette er måtar Gud gjev oss sin nåde og tilgjeving på, som hjelper oss til å konkret sjå, smake, erfare Guds frelse og tilgjeving i Kristus. Men dei kallar oss óg til å leva i omvendning og det nye livet Kristus har brakt oss.

Dåpen gjer oss eitt med Kristi død og oppstode av Jesus og gjør oss kristne.

I den heilage Eukaristien får vi ta imot Kristi offer- ein gong-for-alle på Golgata.

Gjennom krafta i Den Heilage Ande, med Kristus og med hele kirken, tilbed vi Faderen i gudstenesta.

Og i skriftemålet får vi ved handspålegginga kjenna at vi har fått tilgjeving for våre synder.

Tru og Bøn

Tru er både Heilaganden si gåva og vårt svar på Kristus sin kjærleik, og innebér at vi tek imot Jesus som vår frelsar og overlét våre liv til ham. Gjennom dåpen og trua er våre synder tilgjevne og her vert vi atterfødd som Guds elska born. Vi får del i Guds eige liv, og Faderen, Sonen og Den Heilage Ande kjem for å bu i våre liv.

I bøna løfter vi våre hjarto og sinn til Gud. Vi prisar han og takkar Han. Vi ber om hans tilgjeving og hjelp, for oss sjølve og for andre. Kristen bøn er bøn "i Jesu navn". Dette minner oss om at vi bare kan nå Faderen sitt hjarte gjennom Kristus, i kraft av Den Heilage Ande. Ef.2,18.

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: sokneprest@kyrkja.net

Soknepresten i Øygarden



Kjærleik

Ei levande tru inneber ei forplikting til å følgje Kristus og å gjera Faderens vilje. Hjartet av kristen etikk er det doble kjærleiksbodet om å elska Gud og vår neste. Slik som Kristus selv elska oss skal vi få elska Gud og nesten.

Dei apostoliske formaningane i Det Nye Testamente konkretiserer dette. Dei kallar oss til å *bli det vi vart i dåpen*. Ved å leva eit trufast kristenliv tek vi del i å bygge Guds Rike, fred og rettferd i denne verda, og får erfare krafta i Kristi kjærleik i andre menneske sine liv, men óg våre eigne. Vi vil nok ofte kjenna på at vi mislukkast fordi vi føler oss svake eller fell i synd, men så kan vi få venda oss til Han for å få tilgjeving og ny kraft, for Kristi skuld.

Utgongen frå dette livet og den kristne vona

Døden er eit skremande mysterium som ventar oss alle. Når vi dør, kjem vi inn i Guds nærvær på ein ny måte. Dei som trur på Kristus, som altså tek imot den nåde og frelse som han tilbyd oss, vil koma inn i himmelen. Dei som verkeleg seier nei til Kristus, og som viser bort den nåde og frelse som han tilbyd oss, kjem ikkje inn i himmelen. Dette vil vera ein stor tragedie. Gud gje at dette ikkje må henda deg og meg!

På slutten av tida for denne verda, når Kristus kjem att, vil kroppen vår få del i oppstoda. Gud vil visa oss meining og samanheng med alt, og forsona alt og alle i Kristus. Dei som har teke i mot Kristus skal få leve i nærleiken av Gud i all æve. Vona om himmelen gjev oss glede, selv i lidingar, sagn og sorg dette livet bringer oss, og gjev oss grunn til å halda oss tett til Kristus gjennom eit liv i tru og kjærleik.

Litteratur:

Carl Fredrik Wisløff: Jeg vet på hvem jeg tror, Lunde, siste oppl. 2009.

Bengt Pleijel: Innenfor - En vandring gjennom den Apostoliske Trosbekjennelsen, Triangelforlaget 1980.

Mer enn du aner - en bok for ungdom i konfirmasjonsalderen - av Tore Kopperud og Hans Christian Lier. Luther forlag, 4.rev.utgave 1987.

Med Jesus gjennom livet - konfirmantbok - av Tore Kopperud og Sven-Arne Svenungsson, Luther forlag, 2.oppl.1995.

Gud ER – Tekster for hver dag i konfirmasjonstiden – av Njål Klevberg, J.W.Cappelens forlag, 1980.

Bo Giertz: Troens ABC- En studiebok om kirkens tro, Luther forlag, siste utg. 1983.

Bo Giertz: Å tro på Kristus, Luther forlag, siste utg. 2004.

Bo Giertz: Å leve med Kristus, Luther forlag, siste utg. 2004.

Den norske kirkes bekjennesskrifter, utg. v. Arve Brunvoll, Lunde forlag, siste utg. 2010.

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: sokneprest@kyrkja.net

Soknepresten i Øygarden



Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor: Boks 100, 5331 Rong
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: sokneprest@kyrkja.net